Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Suldal

Emne: Ymse attåtfor

Bygdelag:

Oppskr. av: Johan Vika

Gard:

(adresse): Bråtveit

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Det var gamalt å grava "fòra" i åkeren om våren. Ein reinska då opp alt ugraset. Det vinsaste ugraset var kvauske. Det nytta ein til for åt kyrne. Ein vaska det godt, og gav så kyrne det. Det same gjorde ein med kvaka. Ein slutta med dette for 30-40 år sidan pålag.

Kvauskerøta var rekna mæraste som "kraftfor". Det auka i kyrne av det, sa dei.

Andre andre røter veit ein lyte av ein nytta til for her.

Men i utslåttene tok ein alltid med lòk (bregner) når ein slo. Det var og rekna til godt for. Ein

1612

står ennå lote i utslåttene.

Tang og tare har aldri vore nytta til for i Suldal. Ikkje hette-mose heller.

## Søyrefor.

Ein slo kokande vatn på høy eller hå. Eller skaurn og agner. Ein hadde det alt i ein stampe av tre.

Vatnet, løgen, brynte ein då kyrne med. Det er dei som gjer det ennå. Men det minkar av med dette etter det kom automatiske drikkekar i fjøsa.

Det var og dei som henta raunebær og hadde dei i vatn, og gav så kyrne både vatnet og sjølve bæra.

Ein hadde og gjerne lauvet i stampe og slo kokande vatn på det. Og gav så kyrne løgen og lauvet. Det har og vore gjort alt til no dei siste åra.

Sildeavfall nyttar ein no mykje til geit- og saue-for – som kraftfor.

1612
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Ein låter no å mykje
gå utegangar med sau
og geit. Og då tykkjer
dei er godt med
sildeavfall att-åt. Ein
sparar mykje høy
med. Det kjem nå
fleire 100 tunner silde-
affall til Sirdal kvar
vinter.

1612
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING